

# Lokal retningsline for rapportering av opplysningar som dannar grunnlag for utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar

---

## **Føremål**

Stimulera til at godkjente ikkje-kommunale barnehagar har same omfang barn i barnehagen gjennom heile barnehageåret.

## **Retningslina gjeld for**

Eigarane av godkjente ikkje-kommunale barnehagar

## **Ansvar**

Stord kommune som barnehagemyrde jf. barnehagelova §§ 8 og 14. I dette tilfelle økonomisjef i Stord kommune.

## **Aktivitet**

*"Eiere av ikke-kommunale barnehager skal 15. desember hvert år rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid i barnehagen på skjema fastsatt av departementet. Rapporteringen danner grunnlag for utmålingen av kommunalt tilskudd året etter. Kommunen kan bestemme at slik rapportering skal gjøres ved flere tidspunkter i året, og hva som skal til for at tilskuddet skal endres i løpet av året. Dette skal fastsettes i lokale retningslinjer", jf. Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager § 7.*

## **Ekstra teljetidspunkt**

Stord kommune sitt ekstra teljetidspunkt er sett til 15. august kvart år.

## **Kva som skal til for at tilskotet vert endra i løpet av året**

Eigarar av ikkje-kommunale barnehagar skal 15. desember kvart år rapportera om tal barn, barna sin alder og opphaldstid i barnehagen på skjema fastsett av departementet. Opplysningane vert rapportert elektronisk via BASIL. I tillegg skal eigar signera på ei papirutskrift av skjemaet og sende det til kommunen innan fristen kommunen set.

Det er i tillegg fastsett ein rapporteringsdato ved oppstart nytt barnehageår. Rapporteringsdato er sett til 15. august. Alle barn med oppstart i august vert rekna med. Rapporteringa skal gjennomførast på skjema fastsett av Stord kommune.

Rapporteringa 15. desember kvart år dannar grunnlag for berekning av driftstilskot for perioden frå januar til og med juli påfølgjande år. Rapporteringa 15. august kvart år dannar grunnlag for berekning av driftstilskot for perioden frå august til og med desember inneverande år.

Det er eigar av ikkje-kommunale barnehagar sitt ansvar å sjå til at opplysingane i kommunen sitt system for opptak av barn i barnehage, «VISMA Oppvekst Barnehage», til ei kvar tid er korrekt.

### **Endringar som kan få innverknad på utmåling av kommunalt tilskot til ikkje-kommunale barnehagar og som skal meldast til Stord kommune:**

#### 1. Nedlegging

Dersom barnehageeiger vel å avvikla barnehagedrifta, får ikkje eigar tilskot lenger. For barnehagar som vert lagt ned, vert det gjeve tilskot fram til datoen barnehagen vert lagt ned.

#### 2. Mellombels stenging i meir enn ein kalendermånad

Dersom barnehagen vert stengt, med heimel i barnehageloven § 16, eller av andre grunner vert halde stengt i meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling, har ikkje barnehagen rett til å få tilskot. Barnehageeigar skal med ein gong melda frå til kommunen dersom heile eller deler av barnehagen er mellombels stengt meir enn ein kalendermånad utover vanleg ferieavvikling. Tilskot vert gjeve til og med datoen barnehagen vert stengt.

Dersom ein barnehage må stenge utover ein månad for å gjera vedlikehaldsarbeid, får han tilskotet att ved ny-opning.

#### 3. Reduksjon i tal barn

Barnehagen skal ha same omfang barnetal som rapportert per 15. desember. Om barn sluttar i barnehagen, må barnehagen ta inn nye barn for dei som sluttar frå den datoen oppseiingstida er ute dersom det er barn på venteliste.

Døme: Om 10 store barn sluttar og 5 små barn begynner har barnehagen same omfang barn.

Stord kommune brukar «Veileder for beregning av tilskudd til private barnehager» som rettesnor for telling av barn. Det vil sei at barn som fyller tre år inneverande kalenderår vert rekna som toåringar om våren (7/12) og som treåringar om hausten (5/12).

Dersom omfanget av barn vert redusert, skal barnehageeigar gje skriftleg melding om dette til kommunen. For mykje motteke tilskot skal tilbakebetalast.

#### 4. Auke i tal barn

Ny utmåling av tilskot vert vurdert ved store aktivitetsendringar, som til dømes oppretting av ny avdeling eller gruppe. Slike store aktivitetsendringar må avklarast med kommunen på førehand, og skal inngå i Stord kommune sine planar og trong for fleire barnehageplassar.

#### 5. Opptak av barn ved særlege høve

Stord kommune må sikra at det i akutte situasjonar/særlege høve er mogeleg å få barnehageplass for familiar med trong for barnehageplass innan kort tid. Stord kommune kan oppmoda barnehagane om å ta inn einskildbarn og vil finansiera barnehageplassen ut frå gjeldande satsar om kommunalt tilskot. I slike høve vil det verta fatta nytt vedtak om kommunalt tilskot.

**Heimel**

Barnehageloven §§ 8 og 14

Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager § 7.

---

***Retningslina er vedteken av kommunestyret 19.12.2013 - sak 99/13.***

***Retningslina er gjeldande frå 01.01.2014.***